



Arkivnr: 2016/2297-4
Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		06.10.2016
Fylkesutvalet		20.10.2016

Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – Budsjettfordeling nr. 2 – 2016

Samandrag

I budsjettet for 2016 er det løyvd 100 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren. I tertialrapport nr. 2 for 2016 er det vidare rådd til at løyvinga vert auka med 10 million kroner. Det er i denne saka lagt til grunn at dette vert vedteke.

I denne saka rår ein til at det vert løyvd 26 million kroner til prosjekt knytt til universell utforming, 1 million kroner til prosjekt på Slåtthaug, 2 million kroner til ventilasjon / inneklimateiltak på Os vgs. og at løyving til sveise- og hydraulikkverstad på Os vgs vert redusert med 4 million kroner.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2016 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	646.020.00	02301	03236	Os vgs. – Ventilasjon / Inneklimateiltak	2 000 000	
10	633.020.00	02301	02148	Slåtthaug vgs. ventilasjon ./varme	1 000 000	
10	777.025.00	02301	00208	Universell Utforming	26 000 000	
10	646.020.00	02301	03236	Os vgs. – Sveis- og Hydraulikkverkst.		4 000 000
10	777.021.00	02301	03000	Rehab/ombygg/tilbygg		25 000 000
				29 000 000	29 000 000	

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.09.2016

I budsjettet for 2016 er det løyvd 100 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren. I tertialrapport nr. 2 for 2016 er det vidare rådd til at løyvinga vert auka med 10 million kroner. Det er her lagt til grunn at dette vert vedteke. Tidlegare i år er det vidare fordelt til saman 85 million kroner i to tidlegere politiske saker slik at 25 million kroner i så fall står att til fordeling.

I denne saka har ein prioritert prosjekt som er starta opp og som har behov for ytterlegare løyvingar for å bli fullført på ein god måte.

Universell utforming

Gjeldande samleprosjekt knytt til utbetring av universell utforming har pågått sidan 2013. Det er tidlegare i år løyvd 20 million kroner til vidareføring av pågåande prosjekt. I tertialrapporteringa er det rapportert om meirforbruk knytt til dette prosjektet. I hovudsak skuldast meirforbruk at prosjekt har blitt meir omfattande enn det var lagt til grunn i opphavlege planar, i forhold til løyvinga for 2016 var det og slik at ein tok med seg eit akkumulert meirforbruk frå tidlegare år.

For inneverande år har det i hovudsak vore utført arbeid knytt til prosjekt i Norheimsund vgs. og på Stord. vgs.. Begge desse prosjekta er no i ein slutfase. Samla for å dekke opp for tidlegare års meirforbruk og forbruk i 2016 viser kalkyler at det er behov for 46 million kroner. Av desse er 20 million kroner løyvd tidlegare, og det vert rådd til at dei siste 26 million kronene vert løyvd no.

Slåtthaug vgs. – Ventilasjon / Varme

Utval for Opplæring og helse har i sak 41/2015 sett av 2 million kroner til formålet. I vurderingane i etterkant av dette vedtaket vart det konkludert med at det vil være naturleg å gjere meir omfattande tiltak enn først planlagt.

Sveiseverkstaden ved Slåtthaug vgs har eit gammalt ventilasjonsanlegg med så dårleg kapasitet at inneklimaet må seiast å vera svært dårleg. Eksisterande anlegg produserer også ekstremt mykje støy og fører med seg at lærarane vel å køyra aggregatet med redusert kapasitet. Resultatet av dette vert følgjeleg svært kritikkverdig inneklima i periodar. Løysinga er å installera eit nytt effektivt ventilasjonsanlegg som filtrerer og attvinn varmen i lufta før dei skadelege gassane vert evakuerte til det fri.

Ventilasjonsaggregatet vert plassert i nytt ventilasjonsrom på tak. Tiltaket omfattar forutan ventilasjonsanlegg også elektro, byggfag, vassboren varme, automatikk og prosjektering.

Oppvarming av verkstaden vert løyst dels med vassbasert strålevarme i tak og dels med varmluftsblåsarar på vegg.

Planen var i utgangspunktet å få prosjektet fullført første del av 2016. Byggesaksbehandlinga har tatt lengre tid enn venta men ser no ut til å gå i orden. Deler av arbeidet må derfor gjerast neste år. Ein rår til at det vert løyvd 1 million kroner frå posten for rehabilitering/ombygging i 2016, og at fullfinansiering vert å kome attende til i 2017.

Os Vgs – utbetring ventilasjon

Det er tidlegare løyvd til saman tolv million kroner til utbetring av ventilasjon i A-bygget. Som ein del av prosjektet var det planlagt å gjennomføre einskilde mindre tiltak knytt til himling/tak. For å få ein tilfredsstillande løysing knytt til tak og drenering av vatn frå taket er det behov for meir omfattande og dyrare løysingar enn det som var lagt til grunn. Meirkostnaden er kalkulert til 2 million kroner og ein rår til at dette vert løyvd frå rammeløyvinga for rehabilitering/ombygging/mindre tiltak i skulesektoren i 2016.

Os Vgs. – Sveise og Hydraulikkverkstad

Fylkesutvalet løyvde i sak 78/2016 26 million kroner til fullfinansiering av prosjektet. Etter at anbudskonkurransen var gjennomført viser det seg at kostnaden for prosjektet vert lågare enn tidlegare lagt til grunn. Samla innsparing er ikkje klar då arbeid som gjenstår, samt at samla innkjøp av utstyr ikkje er avklart. Vidare vil deler av sluttoppgjeret vil skje i 2017. Ein legg difor til grunn at løyvinga for inneverande år kan reduserast med 4 million kroner, og at eventuelle kostnadar i 2017 vert å kome attende til.

